

Årsmelding 2024



Store gåvetildelingar i 2024, Jakob Sande-selskapet, Teaterfestivalen, Preform, Dale Ungdomslag, Samvirke Scene

Foto: Sarah Sætveit, Sparebank 1 Sogn og Fjordane

Styret si årsmelding for 2024

INNHALD

2	Bakgrunn, føremål og eigarskap
3	Forvaltningsstrategi
4	Gåver til allmennyttige føremål
6	Tildelingar
11	Eigedelar, resultat, disponering av overskot
12	Styrande organ
	Rekneskap med notar
	Revisjonsmelding

Bakgrunn

Fjaler Sparebank valde 12.03.2010 å slå seg saman med Sparebank 1 Sogn og Fjordane som då heitte Sparebanken Sogn og Fjordane. Formelt vart dei to bankane éin bank frå 01.09.2010. Ved samanslåinga vart ein stor del av grunnkapitalen i bankane overført til to stiftingar, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler.

Føremål

Vedtektene seier dette om føremålet for stiftinga

- *Stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebank 1 Sogn og Fjordane.*
- *Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.*
- *Stiftinga sitt føremål skal vidare vere å gje gåver til allmennyttige føremål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Fjaler Sparebank.*
- *Ved si verksemd skal stiftinga støtte Sparebank 1 Sogn og Fjordane i banken sin vidareføring av sparebanktradisjonar.*
- *Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og sparebanklova.*

Eigarskap i Sparebank 1 Sogn og Fjordane

Dei to sparebankstiftingane står som største eigarar av banken. Sparebankstiftinga Fjaler eig 5,92% av eigenkapitalbevisa i Sparebank 1 Sogn og Fjordane, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig 92,46% og andre eig 1,62% (tilsette, styremedlemer i banken og eigne

eigenkapitalbevis). Tilsaman eig dei to stiftingane 85,3% av banken, og vel til saman 40% av medlemene i generalforsamlinga i sparebanken.

I stiftinga sin eigarstrategi er det slege fast at

- Sparebankstiftinga Fjaler skal vere ein langsiktig, stabil og aktiv eigar i SSF. Vårt eigarskap skal bygge på at SSF vidarefører sterke lokalbanktradisjonar i Fjaler kommune, samt at banken skal framstå som leiande bankaktør i gamle Sogn og Fjordane.
- Vi vil oppretthalde eit eigarskap på minimum stiftinga sin grunnkapital (1.064.530 eigenkapital-bevis). Utover dette kan ek-bevis i SSF kjøpast og seljast som ledd i stiftinga sin kapitalforvaltning.
- Stiftinga har som føremål å bruke av overskotet til allmennyttige gåver. Vi vil med vår eigarskap aktivt arbeide for at SSF vektlegg god drift, med moderat risiko, og at kort- og langsiktige mål om kursutvikling ikkje går utover gode og løpande utbytteutbetalingar.
- Stiftinga vil søkje samarbeid med SSF på område som kan underbygge og styrke stiftinga og/eller SSF si verksemd.
- Vi vil aktivt arbeide for å få posisjonar i SSF sine styrande organ der dette er føremålstenleg for å underbygge våre mål og ambisjonar.

Stiftinga er i dag representert i banken si generalforsamling med Randi Engen og Kjartan Habbestad. Randi Engen er også medlem i valnemnda for EKB-eigarane sine representantar i generalforsamlinga.

Forvaltningsstrategi

Eigedelane i Sparebankstiftinga Fjaler består av:

Eigenkapitalbevis i Sparebank 1 Sogn og Fjordane (1 152 992 bevis):

kr 116 453 060

Likvide midlar:

Bankinnskot

kr 10 539 786

Finansielle investeringar

kr 68 995 595

Kunst:

Sparebankstiftinga er eigar av to Anders Askevold-maleri med motiv frå Dale, malt i 1860-åra. Dei er bokført til kostpris sum kr 100.813.-.

Det skal byggast opp ein likviditet over tid som tilsvarar om lag tre års drift i stiftinga (til drift og allmennyttige gåver). Denne likviditeten skal i hovudsak vere plassert i bankinnskot og pengemarknadsfond.

Stiftinga sine likvidar har vore plassert i bank, rentemarknads- og aksjefond.

Renteavkastninga på bankinnskot har vore aukande gjennom året. Urealisert vinst på fond med vinst var kr 9 163 124 pr 31.12.24. Denne vinsten er ikkje inntektsført. Urealisert tap på fond med tap var kr 15 955.- pr 31.12.24. Realisert vinst i fonda i 2024 var kr 755 851.

Urealisert verdistigning på midlar plassert i fond pr 26.03.2025 var ca. kr 1 869 000.-.



Teaterfestivalen med folk og musikk i sentrum i Dale

Foto: David Zadig

Gåver til allmennyttige føremål

Sparebankstiftinga Fjaler har som mål at delar av stiftinga sitt overskot skal gjevast som årlege gåver til allmennyttige føremål. Dette skal utløyse aktivitet og eigeninnsats og dermed auke trivselen i nærmiljøet. Stiftinga skal i si verksemd først og fremst prioritere gåver i det distriktet som har bygd opp grunnkapitalen (sparebanken sitt fond) i tidlegare Fjaler Sparebank. Styret legg vekt på god kunngjering og informasjon om gåveprosessen. Les elles om gåveinstituttet, tildelingane og reglane for å søke på www.ifjaler.no.

Stiftinga la i 2024 opp til ei søknadsrunde for gåver til allmennyttige føremål, med søknadsfrist 1. mars. Styret kan også handsame søknader utanom ordinær søknadsrunde, men søknaden må i så fall ha ei særskild grunngjeving for det.

Sidan første utdeling frå stiftinga hausten 2010 har stiftinga delt ut kr 56 815 245 til og med 2024, fordelt på 593 tiltak. Av dette er kr 24 333 750 utdelt i 2024 fordelt på 57 mottakarar. Det vart i 2024 delt ut 12 gåver i «På Rappen-ordninga». Dette er ei ordning der ungdom kan søkje på inntil kr 10.000.-, gjennom heile året, og få svar innan kort tid.

Støtteordning til skuletur og reiser

Det er innført ei ny ordning i 2024 som er kalla Støtteordning til skuletur og reiser, som er ei ordning som skuleklassar, lag eller gruppe kan søke om støtte på til skuleturar, reise for deltaking på idrettsstemner og liknande.

Søkjjar innvilgast eit beløp pr. barn/ungdom. Ungdommane må deretter gjere ein innsats innafor ei på førehand avtalt oppgåve. For denne innsatsen blir det rekna ein verdi pr time. Når dette samla sett er lik verdien det er søkt om, skal det dokumenterast og rapporterast for utbetaling.

Kva ein planlegg å bruke disse timane på, må ein oppgje i søknaden. Og arbeidet må vere av samfunnsnyttig karakter og noko ungane og ungdommane sjølv kan gjennomføre.

Om gruppa vert innvilga eksempelvis kr 1.000 pr deltakar, må deltakarane dokumentere ein innsats i prosjektet på minimum 5 timar pr deltakar.

Gåvefond

Gåvefondet er på kr 15 758 753 pr 31.12.24. Gåvefondet er meint som ein reserve for framtida, dersom det skulle komme enkeltår der resultatet elles ikkje gjev høve til gåveutdeling.

Støtta frå stiftinga gjev rom for ei stor breidde av tiltak innan kultur, idrett og nærmiljøtiltak, alt frå driftsstøtte til små og store organisasjonar til støtte til store prosjekt, t.d. idrettsanlegg og forsamlingshus. Stiftinga har følgd opp sparebanktradisjonen med å gje driftsstøtte til dei mange laga i Fjaler/Holmedal som betyr mykje for aktiviteten og trivselen i sine bygder, men er òg med og støttar dei store prosjekta som er nyskapande og som medfører stor eigeninnsats.





Slupeholmen i Borthheimsvika
Foto: Reidun Nistad

Større tildelingar i 2024 som kan nemnast er:

Preform AS fleirårig kr 3.900.000 til organisasjonsutvikling og samarbeid mellom kulturorganisasjonane i Fjaler, Fjaler kommune kr 625.000 til oppgradering uteplassen ved Flekke skule og barnehage, UWC kr 646.000 til aktivitetar for barn og unge og vidareutvikle Haugland som ein ressurs for heile Fjalersamfunnet, Jakob Sande-selskapet kr 4.750.000 til utvikling av det nasjonale fagmiljøet og tilbodet innan forteljekunst, kr 1.100.000 til nytt kunstgras på Dingemoen Stadion, kr 2.500.000 til opprusting friidrettsanlegg på Dingemoen Stadion, kr 1.500.000 nytt amfi til ungdomshuset Trudvang i Dale, kr 3.000.000 til samfunns- og utviklingsselskap i Fjaler, kr 761.000 til skuleelevane i Fjaler og Holmedal i samband med Framsnakk.



Framsnakk, Sparebank 1 Sogn og Fjordane sitt arrangement. Sparebankstiftinga Fjaler gav kr 1.000 pr elev i skulane i Fjaler og Holmedal med føremål at dei skal brukast i samsvar med tema i Framsnakk eller tilsvarande.

Foto: Sarah Sætveit

Generalforsamlinga vedtok ramme kr 9 500 000 for gåveutdeling 2024, og kr 17 000 000 for 2025. Summen av utdelte gåver i 2024 var kr 24 333 750.

Tildelingar 2024

Organisasjon	Prosjekt	Vedtak 2024	Vedtak, av neste og seinare års ramme
HOLMEDAL UNGDOMSLAG	Asfaltering av uteområdet ved Holmedal bygdehus.	230 000	
FJORDEN GRENDALAG	Vedlikehold	25 000	
PREFORM AS	3-årig utviklingsprosjekt. Organisasjonsutvikling og samarbeid mellom kulturorganisasjonene i Fjaler.	600 000	3 300 000
FJALER KOMMUNE	Oppgradering av skuleplassen og uteområdet til barnehagen – Flekke skule og barnehage.	625 000	
TEATERFESTIVALEN I FJALER	Teaterfestivalen i Fjaler 2024 Teatercamp for ungdom.	400 000	
DALSFJORDEN SPELEMANNSLAG	Prosjektstøtte	10 000	
BORTHEIM GRANNELAG	Badeplass og rekreasjonsområde	180 000	

	på Bortheim		
Turgruppa for 10.klasse Dingemoen skulen 24/25	Tur til konsentrasjonsleirane under 2.verdenskrig var. Besøk Auschwitz/Birkenau og omvisning i Oskar Schindlers fabrikk.	62 500	
FLEKKE UNGDOMSLAG	Vedlikehold ungdomshuset	79 300	
STRAUMSNES GRENDELAG	Utskifting/oppgradering av yttervegg bygg frå 1934.	50 000	
DALSFJORDEN/ YTRE SOGN FJORDHESTLAG	Ei veke ridekurs for born opp til 16 år i Dale 6 t.pr.dag siste veka i juni 2024	10 000	
STIFTELSEN RØDE KORS NORDISK UNITED WORLD COLLEGE	Legge til rette for aktiviteter for barn og unge, og vidareutvikle Haugland som ein ressurs for heile Fjalersamfunnet.	646 000	
HOLMEDAL VEL	Pusse opp eit rom i andre etasje på Holmedal Bygdemuseum for å bruke det til arbeidsrom/studerkammer.	24 000	
Jakob Sande-selskapet	Utvikling av det nasjonale fagmiljøet og tilbodet innom forteljekunst i ein utviklingsperiode frå 24-27.	1 000 000	3 750 000
Straumsnes Grendalag	Leike- og aktivitetsplass for barn mellom 0-12 år med klatretårn, leiketårn, trampoline, sklie, klatrevegg og ulike balanseapparat.	110 000	
RIVEDAL BYGDELAG	Platning, benker, graving, blomsterkasser	24 850	
Fjaler Kino	Kinoframsyrning for skuleungdom Fjaler og Holmedal	25 000	
FOLKEMUSIKK-LAGET HAVBRUSEN	Opplæring i dans, song og fele.	30 000	
Butikknemnda i Dale	Bord og lagringstralle til Torgdagen	40 000	
JENSBUA KYSTKULTURSENTER AS	Fullføre bygginga av Krambua ved Jensbua. Står att å isolere, kle den innvendig og lage innreiing	120 000	
Skigruppa Samarb Dale IL og Svint IL	Driftsstøtte tilrettelegging av området i Norddalen gjennom vintersesongen grunna høge driftsutgifter, spesielt grunna trakkemaskin og drivstoff.	55 000	
GUDDAL GRENDALAG	Merking av stiar i Guddal	25 800	
GRENDAHUSET FRAMTUN SA	Auka kostnad prosjekt skifting undertak og ny skifer, isolasjon og nytt golv på loft.	60 000	
Grendahuset Framtun Bygdekino	Bygdekinoen	20 000	
VÅGE GRENDALAG	Montering av stupebrett/stupetårn på kaia på Grytøyra.		210 000

HELLEVIK GRENDELAG	Påbygging og oppgradering av kjøkkenet i Hellevik grendehus. Mellomlegg til asfaltering og varmepumpe.	300 000	
SAMVIRKET SCENE FJALER	Øvingsrom for musikk i kjellaren på Samvirket.	430 000	
FORTIDSMINNE-FOREININGA AVD S OG FJ	Vedlikehald Lillingstonheimen	100 000	
VENER AV NILSBUA	Utstyr til formidling (prosjektor og lerret, kjøp av historiske foto frå Fylkesarkivet) og utstyr til arr. i Nilsbua.	50 000	
VISIT FJORDKYSTEN OG SUNNFJORD AS	Utvikling av 4 kulturvandringsløyper i Fjaler og Holmedal.	125 000	
HELLE OG VÅRDAL BYGDELAG	Vedlikehald grendahuset, vindu, platning, male, byte varmtvannstankar.	200 000	
FJALER KOMMUNE	Lydanlegg i Samvirke møteplassen	125 000	
HOLMEDAL UNGDOMSLAG	Restaurering av dører i ungdomshuet	120 000	
DALE MUSIKKORPS	90-årsjubileum	50 000	
GUDDAL GRENDALAG	Treningsutstyr i grendahuset	40 000	
LONGEHOGEN GRENDELAG	Opprusting/renovering av leikeplass og ballbinge i Longehogen.	110 000	
DALE IDRETTSLAG	Nytt kunstgras Dingemoen Stadion	1 100 000	
FJALER SKULEMUSIKK	Musikkorps for aldersgruppe ni til femten år. Kjøp av instrument.	50 000	
DALE IDRETTSLAG	Forts. oppgradering sykkelparken	125 000	
BADEVIKA VEL	Bygge Badstove og fylle på sand i Badevika i Dale	800 000	
DALE IDRETTSLAG	Opprusting av friidrettsanlegg på Dingemoen Stadion		2 500 000
BLANDAKORET DEKOR	Driftsstøtte, herunder til dirigent	30 000	
AKVAHUB AS	Kystreisa i HAFS-regionen, fremje kjennskap til havnæringane i regionen.	100 000	
Dale Idrettslag Handball	Dommarutvikling Materiell og utstyr Klisterproblematikk Musikkanlegg Kursing	200 000	
ASKVOLL OG HOLMEDAL IDRETTSLAG	Ruste oppatt garderobebygget samt å få ordna lekkasje.	20 000	
DALE UNGDOMSLAG	Nytt teleskopamfi	1 500 000	
På Rappen	Nye midlar til På Rappen	100 000	
ESPEDAL SKULEKRINS	Forbetre tilkomsten til forsamlingshuset i bygda.	50 000	
FJALER KOMMUNE	Søker om gåvemidlar til innkjøp av nytt sports- og friluftsutstyr til BUA Fjaler.	50 000	

Dale IL	Skigruppa, informasjonstavle med kart	30 000	
Utviklingsselskap	Utviklings- og næringsorganisasjon	1 000 000	2 000 000
Dale UL	Verdensdagen Psykisk Helse	30 000	
Fjaler Eldreråd	Møteplass for eldre	4 300	
Skulane i Fjaler og Holmedal	Framsnakk	761 000	
Dale Skateklubb	Restfinansiering pumtracken	428 000	
Grendahuset Framtun	Komfyr	43 000	
Fjaler kino	Reperasjon kinomaskin	50 000	
		12 573 750	11 760 000
	SUM tildeling 2024 og fleirårige	24 333 750	

Ei liste over gåvetildelingane for alle år ligg på stiftinga sine heimesider: www.ifjaler.no under Gåvetildeling og Tildelingar.

Eigedelar i stiftinga

Samla eigenkapital 31.12.24 var kr 188.993.066 (31.12.23: kr 161.336.657)

Sum eigedelar 31.12.24 var kr 196.089.253 (31.12.23: kr 163.998.472)

Resultat

Renteinntekter, utbytte på aksje- og rentefonda og eigenkapitalbevisa er stiftinga sitt inntektsgrunnlag. Det er utbytte på eigenkapitalbevisa i Sparebank 1 Sogn og Fjordane for 2023 som er inntektsført i 2024. Sum kostnader/forbrukte midlar i 2024 var kr 14.098.832 (2023: kr 6.259.066). Kostnadsføring av vedtekne gåver utgjer kr 12.573.750, (2023: kr 5.367.500). Driftsutgifter ex. utgiftsførte gåver, utgjer i 2024 kr 1.525.082 (2023: kr 891.566).

Resultat 2024 er overskot kr 27.656.409 (2023: kr 10.359.151).

I 2024 fekk stiftinga utbetalt utbytte på eigenkapitalbevisa med kr 40.354.720 (2023: kr 13.835.904, 2022: kr 10.400.680, 2021: kr 6.917.952, 2020: kr 4 611 968, 2019: kr 8 647 440). Det er for Sparebank 1 Sogn og Fjordane foreslått eit utbytte kr 20.- pr EK-bevis for 2024, til utbetaling i 2025. Dette vil utgjere kr 23.059.840 for Sparebankstiftinga Fjaler.

Disponering av overskot

Sparebankstiftinga Fjaler si generalforsamling vil kvart år fastsette storleiken på midlar til gåveføremål. Følgjande retningslinjer ligg til grunn for disponering av overskot til allmennyttige gåver:

- Normalt vil årleg tildeling av allmennyttige gåver utgjere inntil 60% av overskotet, men det er høve til å bruke ein større del, og også bruke av gåvefondet når særlege forhold tilseier det. Dersom gåveutdelinga i enkeltår overstig 50%, skal Finanstilsynet varslast.
- Det vert prioritert å bygge opp gåvefond som kan nyttast i år med svakare økonomiske resultat.
- Resten av overskotet skal avsetjast til annan eigenkapital.

Som følgje av endring av rekneskapsprinsipp, vert ikkje ramme for gåveutdeling ein del av disponering av overskot, men vil vere eiga sak i generalforsamlinga.

Styret foreslår slik disponering av overskot 2024:

- Avsett til gåvefond	kr 7.540.000
- <u>Avsett til annan eigenkapital</u>	<u>kr 20.116.409</u>
Sum disponeringar	kr 27.656.409

STYRANDE ORGAN I STIFTINGA

Organisering

Etter vedtektene skal stiftinga ha generalforsamling, styre og dagleg leiar.

Generalforsamlinga

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgste organ og vel styret sine medlemer.

Generalforsamlinga vel òg revisor og fastset styret og revisor si godtgjersle.

Generalforsamlinga godkjenner stiftinga sitt årsoppgjer og fører tilsyn med stiftinga si verksemd.

Desse sit no i generalforsamlinga:

Innskytarvalde:

Mari Kyrkjebø, Dale

(funksjonstid til og med sak Rekneskap)

Ingvild Kjøsnes, Hellevik

Christine Nikøy Rogne, Dale

Magn Helge Brattelid, Dale

Ola Hovland, Dale

Florence Hamper, Flekke

Svante Tømmerbakke, Straumsnes

(funksjonstid frå og med etter Rekneskap 2025)

Varamedlemer:

Hilde Åsnes, Flekke

Kennet Vik, Dale

Valde av kommunestyret

Arve Helle, Dale

Ståle Brattelid, Dale

Ida Söderstrøm, Dale
Elisabeth Boge Sande, Dale

Varamedlemer:
Solveig Nitter, Dale
Svein-Martin Hovland Stenseth, Dale

Generalforsamlinga har 10 medlemer og 4 varamedlemer. Innskytarane skal velje 6 medlemer 2 varamedlemer. Kommunestyret i Fjaler skal kvart fjerde år velje 4 medlemer og 2 varamedlemer. Innskytarval skal haldast annakvart år. Det var innskytarval i 2024, og neste innskytarval vert i 2026. Det var ikkje innskytarval i 2025.

Styret

Etter vedtektene skal styret ha 4-5 medlemer og inntil 3 varamedlemer. Styremedlemene er valde for 2 år om gongen, der leiar er vald for 1 år om gongen. To, vekselvis tre er på val kvart år.

Gjeldande styre:

Ingar Valvik,	leiar	Rakel Cecilie Wilhelmsen Solheim,	
Kjartan Habbestad,	nestleiar		Medlem
Rolf Kleiven,	medlem	Mats Systaddal, Dale	varamedlem
Marianne Furevikstrand,	medlem	Gro Rysjedal	varamedlem

Administrasjon

Ole Anders Hope ved Accountor HAFS Hope Rekneskapskontor AS har vore engasjert som dagleg leiar frå 01.07.2012.

Stiftinga sin forretningsstad er i Fjaler kommune.

Likestilling og miljø

Dagleg leiar er mann. Styret består av 3 menn og 2 kvinner. Det er ikkje planlagt spesielle tiltak for å fremja likestilling då styret ikkje er kjent med at det har vore forskjelsbehandling i strid med lov om likestilling.

Styret vil arbeide for at stiftinga har eit godt arbeidsmiljø og eit godt samarbeidsklima med tilsette i Sparebank 1 Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet, og vil ved si gåvetildeling vektlegge at miljø og berekraft vert ivareteke.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Den framlagde rekneskapen gjev ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Dale 4. april 2025

Ingar Valvik, styreleiar (sign.) Kjartan Habbestad (sign.) Marianne Furevikstrand (sign.)

Rolf Kleiven(sign.) Rakel Cecilie Wilhelmsen Solheim (sign.)

Ole Anders Hope, dagleg leiar (sign.)